



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 45

(2008–2009)


Kostnadsauke på rv 283 Øvre Sund bru i Drammen i Buskerud – vidare utbyggjing

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 6. mars 2009,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing og bakgrunn

Som omtalt i St.prp. nr. 1 (2008-2009) for Samferdselsdepartementet hadde Statens vegvesen tilbudsopning på hovudentreprisen for rv 283 Øvre Sund bru i januar 2008. Det kom inn eitt tilbod som ville ha ført til ytterlegare kostnadsauke på pro-

sjektet. Konkurransen blei derfor avslutta, og det blei vedteke å dele opp hovudentreprisen i fire mindre delar med sikte på fleire tilbod og reduserte kostnader. Det var venta at anleggsarbeida ville kome i gong igjen i 2008. Figur 1.1 viser kart over prosjektet.



Figur 1.1 Rv 283 Øvre Sund bru i Drammen i Buskerud

2 Omtale av situasjonen

Etter at det er gjennomført nye konkurransar er prognosen for sluttkostnaden på 484 mill. 2008-kr. Omregna til 2009-prisnivå gir dette eit kostnads-overslag på 504 mill. kr. Dette inneber ein kostnadsauke på 65 mill. kr eller 15 pst. i forhold til St.prp. nr. 1 (2007-2008). Nytt kostnadsoverslag må derfor foreleggast Stortinget.

Framdrifta er kritisk ved at omlegging av høgspenkabel og nødvendige mudringsarbeider må gjennomførast før vårflaumen set inn.

3 Samferdselsdepartementets vurdering

Det har vore gjennomført tilbudsrunder for prosjektet i to omgangar. Stortinget blei gjennom omtale av prosjektet i St.prp. nr. 1 for Samferdselsdepartementet for 2009 varsla om at tilbudsprosessen blei avbroten i januar 2008 med sikte på å splitte opp entreprisen i 4 delentreprisar. Målet var å oppnå redusert kostnad for prosjektet. Dette er ikkje oppnådd. Kostnadsauke for prosjektet er 15 pst. i forhold til det Stortinget er gjort kjent med.

Vegdirektoratet vurderer det ikkje som sannsynleg at ein vil oppnå auka konkurranse og redusert kostnad gjennom ein ny tilbudsrunde. Ei hovudårsak er at entreprisen allereie har vore lyst ut to gonger og at entreprisen krev spesialkompetanse som få entreprenørar eig. Arbeidet er sesongavhengig og må gjerast i vår- og sommarhalvåret.

Samferdselsdepartementet slutter seg til Vegdirektoratet si vurdering når det gjeld det avgrensa potensialet knytt til ny tilbuds konkurranse. Departementet legg til grunn at ei eventuell avbryting av tilbuds konkurranse vil medføre at prosjektet blir eitt år forseinka. Departementet vurderer ei slik forseinking som uakseptabel, også fordi prosjektet allereie er utsett med vel eitt år som følgje av at tilbuds konkurranse blei stoppa i januar 2008.

Samferdselsdepartementet tilrår derfor at prosjektet blir gjennomført basert på revidert kostnadsoverslag. Det er venta at brukarbeida kjem i gong i månadsskiftet mars/april 2009 og at prosjektet kan opnast for trafikk hausten 2011.

Eventuelle auka utgifter i 2009 av kostnadsauken for prosjektet blir dekt innanfor gjeldande budsjettammer for kap. 1320 Statens vegvesen, post 30 Investeringer.

Fylkestinget i Buskerud er orientert om kostnadsauken og gjekk i møte i desember 2008 inn for at prosjektet blir gjennomført utan ytterlegare forseinkingar.

Samferdselsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om Kostnadsauke på rv 283 Øvre Sund bru i Drammen i Buskerud – vidare utbygging.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om Kostnadsauke på rv 283 Øvre Sund bru i Drammen i Buskerud – vidare utbygging i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om Kostnadsauke på rv 283 Øvre Sund bru i Drammen i Buskerud – vidare utbygging

I

Stortinget samtykkjer i at prosjektet blir gjennomført basert på revidert kostnadsoverslag.